

RAPPORT

2020

ABORTREGISTERET

Rapport om svangerskapsavbrot 2019

**Rapport om
svangerskapsavbrot
2019**

**Register over svangerskapsavbrot
(Abortregisteret)**

Mette Løkeland (redaktør)
Rupali Akerkar
Olaug Margrete Askeland
Rannveig Heiberg-Andersen
Mona Tornensis Hornæs
Petur Benedikt Juliusson
Øystein Aalstad Jonasson
Ingvei Seliussen

Utgjeve av Folkehelseinstituttet
Område for helsedata og digitalisering
Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret)
Mars 2020

Tittel:

Rapport om svangerskapsavbrot 2019

Forfattarar:

Mette Løkeland (redaktør)
Rupali Akerkar
Olaug Margrete Askeland
Mona Tornensis Hornæs
Rannveig Heiberg-Andersen
Petur Benedikt Juliusson
Øystein Aalstad Jonasson
Ingvei Seliussen

Publikasjonstype: Rapport

Bestilling:

Rapporten kan lastast ned som pdf
på Folkehelseinstituttet sin nettstad: www.fhi.no

Folkehelseinstituttet
Postboks 4404 Nydalen
NO-0403 Oslo
Telefon: 21 07 70 00

Grafisk designmal:

Per Kristian Svendsen og Grete Sjøimer

Opplag: Berre elektronisk

Foto omslag:

Colourbox

ISSN 1891-6392

Emneord (MeSH): abort, abortregisteret, helseregister

Sitering: Løkeland M, Heiberg-Andersen R, Akerkar R, Jonasson ØA, Askeland OM, Hornæs M, Seliussen I, Juliusson PB. "Rapport om svangerskapsavbrot 2019". [Report on termination of pregnancies for 2019] Rapport nr. [1]–2020. Bergen: Folkehelseinstituttet, 2020.

Innhold

1. Innleiing	5
2. Datagrunnlaget	6
3. Kvalitetssikring	7
4. Kommentar til statistikken for 2019	8
5. Figurar og tabellar	10
Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinna sin alder 2005-2019. Kjelde: Abortregisteret.	10
Figur 2. Fødselar per 1 000 kvinner for kvinner 15-49 år i perioden 2005-2019. Kjelde: Medisinsk fødselsregister.	10
Figur 3. Prosentvis nedgang i utført abort frå 2018 til 2019 per alderskategori. Kjelde: Medisinsk fødselsregister.	11
Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2019	11
Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke eller storby 2015-2019	12
Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke og storby 2015-2019	13
Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke og storby 2015-2019	14
Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinna sin alder i 2019	15
Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2010-2019	15
Figur 4. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2019. Kjelde: Abortregisteret.	16
Figur 5. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i aldersgruppa 20-24 i dei store byane i 2019. Kjelde: Abortregisteret.	16
Figur 6. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2019. Kjelde: Abortregisteret.	17
Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2011-2019	18
Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2019	19
Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2019	20
Figur 7. Nemndbehandla begjæringar ¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2010-2019. Kjelde: Abortregisteret.	20
Figur 8. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2010-2019. Kjelde: Abortregisteret.	21
Figur 9. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2010-2019. Kjelde: Abortregisteret.	21
Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2010-2019	22
Figur 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2010-2019	22

Figur 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c i 2018 og 2019. Kjelde: Abortregisteret.....	23
Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova i 2019.....	23
Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2019, vedtak i primærnemnd	24
Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2019, vedtak i klagenemnd.....	24
Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2019	25
Figur 12. Prosentvis nedgang i abort per helseregion frå 2018 til 2019. Kjelde: Abortregisteret.	25
Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2019	26
APPENDIX A. Lover og forskrifter	27
APPENDIX B. Om statistikken	28

1. Innleiing

Det føreligg statistikk over talet på begjæringar, tal på innvilga begjæringar i nemnd og tal på utførte svangerskapsavbrot i Noreg sidan 1979. Statistisk sentralbyrå hadde ansvaret for [abortstatistikken frå 1979 til og med 2005](#).

Frå og med 2006 har [Folkehelseinstituttet](#) vore ansvarleg for statistikken, og frå og med 2008 ansvarleg for databehandlinga av [Register over svangerskapsavbrudd](#) (Abortregisteret).

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Abortregisteret er regulert i [abortregisterforskrifta](#) med heimel i [helseregisterlova](#) § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Denne rapporten viser endelege tal over begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2019.

2. Datagrunnlaget

Folkehelseinstituttet mottar opplysningar som er bestemt i abortregisterforskrifta § 1-7. Opplysningane vert sendt i elektroniske meldingar frå alle meldepliktige helseinstitusjonar, det vil seia alle sjukehus som utfører svangerskapsavbrot.

Meldingane som gjeld sjølvbestemte svangerskapsavbrot (innan utgangen av 12. svangerskapsveke), inneheld aidentifiserte personopplysningar, administrative opplysningar og medisinske opplysningar.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot (etter utgangen av 12. svangerskapsveke), er i utgangspunktet personidentifiserande og omfattar i tillegg til opplysningane beskrive over, opplysningar om indikasjon for svangerskapsavbrotet og om vedtak gjort i nemnd.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter [abortlova](#) § 2, tredje ledd, bokstavane a, b, d, og e, eventuelt kombinasjonar av desse bokstavane, vert aidentifisert etter kvalitetssikringa, og etter det lagra aidentifisert.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, bokstav c vert registrert personidentifiserbart i [Medisinsk fødselsregister](#) med heimel i [Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#) § 1-2, første ledd nr. 3. Spesifiserte opplysningar om patologiske tilstandar/medfødde misdanningar i desse tilfella inngår ikkje i abortstatistikken, men i [statistikken for Medisinsk fødselsregister](#).

3. Kvalitetssikring

Meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot vert registrert og lagra fortløpande i Abortregisteret ved Folkehelseinstituttet.

Kvalitetssikringsrutina omfattar kontroll av at meldingane inneheld alle opplysningar som er relevante og nødvendige for å oppnå føremålet med registeret, jf. abortregisterforskrifta § 1-7, andre ledd. Dersom nokre av dei obligatoriske opplysningane manglar, eller ved meldefeil, tar ein kontakt med dei einsskilde helseinstitusjonane for å komplettere og/eller korrigere meldingane.

Som ledd i kvalitetssikringa av Abortregisteret, og for å gjera abortstatistikken meir tilgjengeleg, har Folkehelseinstituttet i løpet av 2013-2017 gjennomgått dei ulike historiske datasetta og samla alle data frå 1979 til i dag i ein database. I 2017 har ein i tillegg fått ny elektronisk løysing som har gjeve forbetring av kvaliteten på data i registeret. Det har medført små justeringar i tidlegare publiserte tal.

4. Kommentar til statistikken for 2019

I 2019 vart det sendt inn 12 927 begjæringar om svangerskapsavbrot og utført 11 726 svangerskapsavbrot i Noreg. Dette er 664 (5,4 %) færre utførte svangerskapsavbrot enn i 2018 (Tabell 1).

Avbrotsraten har ein nedgang frå 10,3 i 2018 til 9,7 per 1 000 kvinner i fertil alder (15-49 år) i 2019 og er såleis for fyrste gong i historia under 10 per 1000 kvinner (15-49 år). Det er ny fylkesstruktur i år og fylka Troms og Finnmark, Oslo og Nordland er dei fylka med flest svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner; 13,3 i Troms og Finnmark, 11,8 i Oslo og 10,1 i Nordland. Dersom ein ser på avbrotsratene i dei store universitetsbyane så har Tromsø den høgste avbrotsraten på 13,7 per 1000 kvinner. Møre og Romsdal, Agder og Rogaland hadde dei lågaste ratene for svangerskapsavbrot; med 7,5 per 1 000 kvinner i Møre og Romsdal, 8,0 i Agder og 8,0 i Rogaland (Tabell 2). Det er per i dag tre av 11 fylke som har ein avbrotsrate over 10 per 1000 kvinner (15-49 år).

Sidan 2008 har det samtidig vore ein nedgang i talet på fødslar per 1000 kvinner i fertil alder (15-49 år) (Figur 2).

Talet på svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år¹ går ytterlegare ned

Nedgangen i svangerskapsavbrot ein har sett blant dei yngste kvinnene sidan 2008 heldt fram frå 2018 til 2019; med eit fall i abortraten frå 5,5 til 4,9 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. I 1980 var talet 22,5 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år og den gongen var det denne aldersgruppa som hadde den høgste abortraten av alle (Tabell 1).

Troms og Finnmark hadde høgast førekomst av svangerskapsavbrot blant kvinner i aldersgruppa 15-19 år, med 8,3 per 1 000 kvinner, etterfølgt av Trøndelag og Oslo med 5,6 og 5,5 per 1 000 kvinner. Lågaste førekomst av svangerskapsavbrot finn ein i Møre og Romsdal med 3,1 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. (Tabell 3 og Figur 3). Tromsø hadde den største nedgangen frå ein rate på 9,3 til 6,1 og Oslo frå 7,5 til 5,5 per 1000 kvinner frå 2018 til 2019 .

Avbrotsraten er høgast i aldersgruppa 25-29 år

Aldersgruppa 20-24 år (Figur 1) har lenge hatt den høgaste førekomsten av svangerskapsavbrot, men den har vore fallande dei siste åra, og har no vorte lågare enn avbrotsraten i aldersgruppa 25-29 år og 30-34 år. I 2015 var raten 21,1 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner både i alderen 20-24 og 25-29 år mot 14,9 og 17,3 i 2019 (Tabell 1).

Tromsø og Troms og Finnmark hadde høgast avbrotsrate med 23,1 i Tromsø og 21,6 i Troms per 1 000 kvinner, medan Agder hadde lågast førekomst med 10,9 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 20-24 år. Bortsett frå Tromsø og Troms og Finnmark har alle no ein rate under 20 per 1 000 kvinner.

¹ Desse tala inkluderer tal for aldersgruppa under 15 år. I 2019 vart det utført 14 svangerskapsavbrot i aldersgruppa under 15 år.

Framleis auke i bruk av medikamentell behandling som avbrottsmetode

Medikamentell behandling ved svangerskapsavbrot vart gjort tilgjengeleg i Noreg i 1998 og har vore den mest brukte avbrottsmetoden sidan 2008 (Figur 5). I 2019 vart 92,4 % av dei sjølvbestemte avbrota gjennomført medikamentelt, medan andelen var 45,3 % i 2007 (Figur 5). Nordlandssykehuset Vesterålen (78,7 %) har lågast bruk av medikamentell avbrottsmetode, medan Ringerike sykehus (0,7 %) har lågast bruk av kirurgisk metode (Tabell 8). Skilnad i prosentdelen medikamentell abort kan skuldast at ikkje alle sjukehus har tilbod om medikamentell abort i 9.-12. svangerskapsveke.

Sjølvbestemte og nemndbehandla svangerskapsavbrot

Dei fleste sjølvbestemte avbrot vert utført før 9. svangerskapsveke (83,1 %) (Tabell 8). Av alle utførte svangerskapsavbrot i 2019 var 11 210 (95,6 %) sjølvbestemte, og 516 (4,4 %) nemndbehandla (Tabell 9). Dei sjukehusa med lågast førekomst av svangerskapsavbrot før 9. veke er Kristiansund sjukehus (71,9 %), Ålesund sjukehus (75,3 %) og Haukeland sjukehus (75,4 %) (Tabell 8). Dette er under landsgjennomsnittet for svangerskapsavbrot utført før 9. veke på 83,1 % (Tabell 8).

Særskilt om nemndbehandla svangerskapsavbrot

Ei begjæring om svangerskapsavbrot etter utgangen av 12. svangerskapsveke vert handsama i nemnd; fyrst i ei primærnemnd, og dersom den gir avslag, skal primærnemnda straks sende vedtaket og dokumenta i saka til ei sentral klagenemnd, jf. abortlova § 8 andre ledd. Frå 15. februar 2010 har klagesakene vorte sendt til Den sentrale klagenemnda som vert administrert av Helsedirektoratet og er lagt til Oslo universitetssykehus. I august 2017 ba Regjeringa helseforetaka om å redusere talet på abortnemnder. Målet til Regjeringa er å redusere frå 35 til under 17 nemnder. I 2019 har det vore primærnemnd ved 25 sjukehus. Dei ulike helseforetaka har stor variasjon i talet på nemnder. Helse Sør-Aust har 13, Helse Nord seks, Helse Midt fire og Helse Vest to nemnder.


Det vart utført 516 nemndbehandla svangerskapsavbrot i 2019, som er 53 (9,3 %) ferre enn i 2018. Av dei utførte nemndbehandla avbrota i 2018 vart 508 (98,4 %) innvilga i primærnemnd og 8 (1,6 %) i Den sentrale klagenemnda (Tabell 9).

Det var 434 begjæringar om avbrot innan veke 18. Av dei var 407 handsama i nemnd og 391 vart innvilga i primærnemnd, 16 fekk avslag og 373 vart utført. Av dei 16 som fekk avslag i primærnemnd møtte fem i klagenemnd. Alle vart innvilga og 4 utførte abort.


Vi ser ein nedgang i talet på avbrot innvilga etter § 2 tredje ledd bokstav a og b som omhandlar kvinna si helse og livssituasjon. Dette følger nedgangen i abortraten generelt. I tillegg ser vi ein nedgang i talet på avbrot innvilga etter abortlova § 2 tredje ledd bokstav c, dvs. grunna stor fare for at barnet kan få ein alvorleg sjukdom som følge av arvelege anlegg, sjukdom eller skadelege påverknader under svangerskapet (Figur 9). Dei fleste av dei nemndbehandla avbrota vert utført før 18. svangerskapsveke (Figur 10).

Av dei 516 nemndbehandla avbrota vart 327 (63,4 %) handsama og utført ved dei 5 største helseinstitusjonane (Tabell 15).


5. Figurar og tabellar



Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinne sin alder 2005-2019.
Kjelde: Abortregisteret.



Figur 2. Fødsler per 1 000 kvinner for kvinner 15-49 år i perioden 2005-2019.
Kjelde: Medisinsk fødselsregister.



Figur 3. Prosentvis nedgang i utført abort frå 2018 til 2019 per alderskategori.
Kjelde: Medisinsk fødselsregister.

Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2019²

År	Total mengd	Per 1 000 kvinner, etter alder							
		15-49 år	15-19 år	20-24 år	25-29 år	30-34 år	35-39 år	40-44 år	45-49 år
1980	13 532	14,6	22,5	22,2	16,3	13,7	11,4	6,8	0,8
1985	14 598	14,7	21,7	26,1	18,1	13,8	10,3	4,6	0,8
1990	15 552	14,7	20,1	28,6	21,8	14,3	10,0	3,6	0,5
1995	13 874	12,9	15,3	24,0	20,3	15,2	9,8	4,3	0,5
2000	14 675	13,7	20,1	28,0	20,1	15,3	10,8	3,7	0,3
2005	13 991	12,9	15,4	27,4	20,5	15,1	11,0	4,0	0,3
2010	15 741	13,8	14,1	29,2	23,1	16,9	11,7	4,4	0,4
2015	14 033	11,7	8,3	21,1	21,1	16,5	11,3	4,3	0,5
2016	13 192	11,0	7,6	19,0	19,3	16,1	10,8	4,1	0,4
2017	12 749	10,6	6,3	18,0	19,1	15,6	11,0	3,9	0,3
2018	12 390	10,3	5,5	16,9	17,6	16,1	11,2	4,3	0,3
2019	11 726	9,7	4,9	14,9	17,3	15,0	11,1	4,1	0,4

² Tala avvik noko frå tidlegare publiseringar grunna kontinuerleg arbeid med datakvaliteten og samling av data i ein ny database. Dette arbeidet er utført i løpet av perioden 2013-2019.

Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinne sitt bustadsfylke eller storby 2015-2019

Fylke	2015		2016		2017		2018		2019	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	14 033	11,7	13 192	11,0	12 749	10,6	12 390	10,3	11 726	9,7
Viken	2 999	11,3	2 859	10,7	2 889	10,8	2 723	10,1	2 624	9,7
Oslo	2 862	16,1	2 629	14,5	2 472	13,5	2 334	12,6	2 209	11,8
Oslo	2 862	16,1	2 629	14,5	2 472	13,5	2 334	12,6	2 209	11,8
Innlandet	917	11,9	762	9,9	777	10,2	731	9,6	678	9,0
Vestfold og Telemark	1 035	11,6	916	10,2	929	10,4	846	9,5	812	9,2
Agder	590	8,7	571	8,5	558	8,2	607	8,9	541	8,0
Rogaland	1 048	9,4	990	8,9	891	8,1	944	8,6	879	8,0
Stavanger	397	11,5	398	11,5	317	9,3	324	9,5	317	9,2
Vestland	1 467	10,3	1 420	9,9	1 241	8,6	1 266	8,8	1 235	8,6
Bergen	785	11,5	745	10,9	671	9,8	661	9,7	669	9,7
Møre og Romsdal	496	8,8	489	8,7	447	8,0	460	8,2	418	7,5
Trøndelag	1 042	10,1	1 080	10,4	1 053	10,1	1 031	9,9	971	9,3
Trondheim	513	10,7	521	10,8	518	10,6	514	10,4	461	9,2
Nordland	675	13,1	638	12,5	599	11,8	544	10,8	507	10,1
Troms og Finnmark	765	14,1	696	12,8	734	13,5	740	13,7	715	13,3
Tromsø	225	12,2	241	13,0	247	13,2	270	14,2	261	13,7
Ukjend/Anna ¹	137		142		159		164		137	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinne sitt bustadsfylke og storby 2015-2019

Fylke	2015		2016		2017		2018		2019	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	1 313	8,3	1 199	7,6	992	6,3	860	5,5	759	4,9
Viken	295	8,0	260	7,1	223	6,1	179	4,8	184	4,9
Oslo	138	9,4	156	10,4	122	8,1	115	7,5	85	5,5
Oslo	138	9,4	156	10,4	122	8,1	115	7,5	85	5,5
Innlandet	109	9,7	91	8,2	75	6,8	48	4,4	49	4,5
Vestfold og Telemark	107	8,3	96	7,5	67	5,3	61	4,9	61	5,0
Agder	59	5,9	55	5,6	54	5,6	57	5,9	37	3,9
Rogaland	97	6,4	85	5,6	80	5,3	58	3,9	62	4,2
Stavanger	35	8,3	38	9,1	27	6,5	17	4,1	18	4,4
Vestland	161	8,2	121	6,2	94	4,8	104	5,4	81	4,2
Bergen	69	8,6	53	6,7	51	6,5	48	6,2	48	6,2
Møre og Romsdal	60	7,1	54	6,4	39	4,7	34	4,2	25	3,1
Trøndelag	96	6,8	105	7,5	96	7,0	91	6,7	76	5,6
Trondheim	30	5,5	49	9,0	38	7,0	31	5,8	34	6,4
Nordland	86	10,9	81	10,6	54	7,3	42	5,8	39	5,5
Troms og Finnmark	98	13,0	89	12,0	76	10,4	67	9,3	59	8,3
Tromsø	28	13,1	25	11,8	26	12,2	20	9,3	13	6,1
Ukjend/Anna ¹	7		6		12		4		1	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinne sitt bustadsfylke og storby 2015-2019

Fylke	2015		2016		2017		2018		2019	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	3 518	21,1	3 150	19,0	2 981	18,0	2 790	16,9	2 445	14,9
Viken	662	20,0	610	18,5	621	18,9	541	16,5	499	15,2
Oslo	706	28,9	618	25,4	583	23,9	479	19,7	437	17,8
Oslo	706	28,9	618	25,4	583	23,9	479	19,7	437	17,8
Innlandet	234	21,3	178	16,3	206	18,8	172	15,9	150	14,0
Vestfold og Telemark	260	21,5	204	17,1	212	17,9	213	18,2	177	15,3
Agder	172	17,6	150	15,4	112	11,3	145	14,3	110	10,9
Rogaland	275	18,1	255	17,0	186	12,6	205	14,0	173	11,8
Stavanger	111	23,6	109	23,1	69	14,7	92	19,3	66	13,5
Vestland	387	18,1	369	17,3	327	15,4	316	14,9	269	12,7
Bergen	191	17,5	212	19,3	168	15,3	164	14,9	156	14,0
Møre og Romsdal	141	17,7	126	16,0	118	15,1	109	14,2	97	12,7
Trøndelag	264	16,4	250	15,4	226	13,9	229	14,2	205	12,8
Trondheim	136	16,6	120	14,5	112	13,4	118	14,0	97	11,5
Nordland	184	24,5	168	22,3	161	21,4	148	19,9	128	17,6
Troms og Finnmark	195	24,0	182	22,5	193	23,8	192	23,8	172	21,6
Tromsø	55	19,7	71	25,2	66	23,0	75	25,7	68	23,1
Ukjend/Anna ¹	38		40		36		41		28	

¹Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinne sin alder i 2019


Alder	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22+	Ikkje oppgitt
Alle aldrar	11 726	4 808	4 503	1 336	569	371	129	9	1
15-19 år ¹	759	305	289	96	38	26	3	2	0
20-24 år	2 445	1 012	971	288	114	49	11	0	0
25-29 år	3 131	1 304	1 215	346	156	74	34	1	1
30-34 år	2 713	1 113	1 027	311	117	96	44	5	0
35-39 år	1 904	740	730	223	104	76	30	1	0
40-44 år	704	305	248	66	35	43	7	0	0
45-49 år ²	70	29	23	6	5	7	0	0	0

¹ Inkluderer tal for kvinner under 15 år (14 avbrot blant dei under 15 år).


² Inkluderer tal for kvinner over 49 år (ingen avbrot blant dei over 49 år).

Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2010-2019


År	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22+	Ikkje oppgitt
2010	15 741	5 055	6 487	2 576	969	521	109	19	5
2011	15 366	5 016	6 406	2 428	885	487	120	17	7
2012	15 229	4 943	6 328	2 414	890	500	141	8	5
2013	14 778	4 814	6 174	2 324	825	479	151	5	6
2014	14 067	4 659	5 983	2 161	719	412	121	11	1
2015	14 033	5 208	5 586	1 982	671	464	115	6	1
2016	13 192	4 871	5 298	1 801	645	439	122	5	11
2017	12 749	4 894	5 014	1 655	639	396	142	9	0
2018	12 390	4 983	4 779	1 456	603	391	169	9	0
2019	11 726	4 808	4 503	1 336	569	371	129	9	1



Figur 4. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19, 20-24 og 25-29 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2019. Kjelde: Abortregisteret.



Figur 5. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i aldersgruppa 20-24 i dei store byane i 2019. Kjelde: Abortregisteret.



Figur 6. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 1998-2019. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2011-2019

År	Total mengd	Svangerskapslengde																				Ikkje oppgitt
		9 veker og under				10 veker				11 veker				12 veker				Over 12 veker ¹				
		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		Medikamentell		Kirurgisk		
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	
2011	14 725	10 611	72,1	2 397	16,3	401	2,7	441	3,0	271	2,7	264	1,8	178	1,2	155	1,1	0	0,0	0	0,0	7
2012	14 573	10 757	73,8	2 126	14,6	451	3,1	351	2,4	322	3,1	256	1,8	195	1,3	110	0,8	0	0,0	0	0,0	5
2013	14 142	10 703	75,7	1 850	13,1	425	3,0	334	2,4	293	3,0	251	1,8	186	1,3	94	0,7	0	0,0	0	0,0	6
2014	13 520	10 586	78,3	1 565	11,6	390	2,9	262	1,9	279	2,9	194	1,4	148	1,1	95	0,7	0	0,0	0	0,0	1
2015	13 444	10 760	80,0	1 352	10,1	417	3,1	247	1,8	286	3,1	165	1,2	149	1,1	67	0,5	0	0,0	0	0,0	1
2016	12 620	10 224	81,0	1 171	9,3	375	3,0	200	1,6	281	3,0	141	1,1	147	1,2	70	0,6	0	0,0	0	0,0	11
2017	12 195	10 022	82,2	1 037	8,5	315	2,6	187	1,5	291	2,6	116	1	168	1,4	54	0,4	4	0,0	1	0,0	0
2018	11 821	9 968	84,3	764	6,5	346	2,9	140	1,2	303	2,9	105	0,9	138	1,2	55	0,5	2	0,0	0	0,0	0
2019	11 210	9 591	85,6	593	5,3	335	3,0	127	1,1	297	3,0	86	0,8	136	1,2	42	0,4	2	0,0	0	0,0	1


¹ I grensetilfelle vil sjukehuset kategorisere ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2019

Helseinstitusjon	Total mengd	Medikamentell		Kirurgisk		8 uker og under	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjonar	11 210	10 362	92,4	848	7,6	9 311	83,1
Akershus Universitetssykehus	1 117	959	85,9	158	14,1	964	86,3
Bærum sykehus	421	400	95	21	5	365	86,7
Drammen sykehus	401	385	96	16	4	341	85,0
Finnmarkssykehuset, Klinikk Hammerfest	167	150	89,8	17	10,2	149	89,2
Finnmarkssykehuset, Klinikk Kirkenes	46	39	84,8	7	15,2	43	93,5
Førde sentralsykehus	149	129	86,6	20	13,4	126	84,6
Haugesund sjukehus	184	176	95,7	8	4,3	148	80,4
Haukeland universitetssjukehus	897	887	98,9	10	1,1	676	75,4
Helgelandssykehuset Mo i Rana	93	90	96,8	3	3,2	79	84,9
Helgelandssykehuset Sandnessjøen	65	57	87,7	8	12,3	51	78,5
Kongsberg sykehus	122	111	91	11	9	95	77,9
Kristiansund sykehus	57	52	91,2	5	8,8	41	71,9
Longyearbyen sykehus	5	5	100	0	0	4	80,0
Molde sjukehus	96	90	93,8	6	6,3	76	79,2
Nordlandssykehuset Bodø	159	156	98,1	3	1,9	137	86,2
Nordlandssykehuset Lofoten	34	30	88,2	4	11,8	28	82,4
Nordlandssykehuset Vesterålen	75	59	78,7	16	21,3	61	81,3
Odda sjukehus	13	13	100	0	0	13	100
Oslo universitetssykehus	1 919	1 669	87,0	250	13,0	1 685	87,8
Ringerike sykehus	145	144	99,3	1	0,7	116	80,0
St. Olavs hospital	754	732	97,1	22	2,9	602	79,8
Stavanger universitetssjukehus	668	654	97,9	14	2,1	532	79,6
Stord sjukehus	63	62	98,4	1	1,6	57	90,5
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	450	401	89,1	49	10,9	394	87,6
Sykehuset Innlandet Elverum	250	237	94,8	13	5,2	212	84,8
Sykehuset Innlandet Gjøvik	156	151	96,8	5	3,2	127	81,4
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	94	91	96,8	3	3,2	73	77,7
Sykehuset Innlandet Lillehammer	164	162	98,8	2	1,2	129	78,7
Sykehuset Levanger	154	137	89	17	11	122	79,2
Sykehuset Namsos	83	72	86,7	11	13,3	68	81,9
Sykehuset Telemark	260	233	89,6	27	10,4	215	82,7
Sykehuset Østfold	606	555	91,6	51	8,4	478	78,9
Sørlandet sykehus Arendal	183	175	95,6	8	4,4	148	80,9
Sørlandet sykehus Kristiansand	333	311	93,4	22	6,6	280	84,1
Univ. sykehuset Nord-Norge	361	344	95,3	17	4,7	289	80,1
Univ. sykehuset Nord-Norge Harstad	104	101	97,1	3	2,9	94	90,4
Univ. sykehuset Nord-Norge Narvik	59	52	88,1	7	11,9	46	78
Volda sjukehus	75	72	96	3	4	65	86,7
Voss sjukehus	62	56	90,3	6	9,7	57	91,9
Ålesund sjukehus	166	163	98,2	3	1,8	125	75,3


Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2019

År	Total mengd	Sjølvestemt		Innvilga i primærnemnd		Innvilga i klagenemnda	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
1980	13 532	13 121	97,0	380	2,8	31	0,2
1985	14 598	14 242	97,6	347	2,4	9	0,1
1990	15 552	15 219	97,9	320	2,1	13	0,1
1995	13 874	13 530	97,5	343	2,5	1	0,0
2000	14 675	14 153	96,4	509	3,5	13	0,1
2005	13 991	13 410	95,8	574	4,1	8	0,1
2010	15 741	15 069	95,7	652	4,1	20	0,1
2015	14 033	13 444	95,8	577	4,1	12	0,1
2016	13 192	12 620	95,7	553	4,2	19	0,1
2017	12 749	12 195	95,7	536	4,2	18	0,1
2018	12 390	11 821	95,4	555	4,5	14	0,1
2019	11 726	11 210	95,6	508	4,3	8	0,1




¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

Figur 7. Nemndbehandla begjæringar¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2010-2019. Kjelde: Abortregisteret.



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.

Figur 8. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2010-2019.
Kjelde: Abortregisteret.



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.


Figur 9. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2010-2019.
Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2010-2019


År	Total mengd	Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd, mengd ²							
		§ 2.3a	§ 2.3b	§ 2.3c	§§ 2.3a og 2.3b	§§ 2.3a og 2.3c	§§ 2.3b og 2.3c	Anna ¹	Ikkje oppgitt
2010	672	51	300	245	36	11	12	17	2
2011	641	38	292	248	34	9	5	15	0
2012	656	36	276	278	36	9	7	14	4
2013	636	40	256	295	23	7	5	9	2
2014	547	37	202	250	41	3	7	7	0
2015	589	48	239	250	24	1	10	17	3
2016	572	30	240	262	27	2	6	4	3
2017	554	19	197	295	27	4	4	8	0
2018	569	27	174	324	25	7	3	9	0
2019	516	27	159	293	22	7	1	7	1

¹ Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav d og bokstav e, og andre kombinasjonar av bokstavane som ikkje er vist i tabellen.

² Indikasjonane i abortlova § 2, tredje ledd.



Figur 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2010-2019.



Figur 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav c i 2018 og 2019. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova i 2019

Svangerskaps- lengde	Total mengd	§ 2.3c		Andre enn § 2.3c		Ikkje oppgitt	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle veker	516	307	100,0	209	100,0	0	
Veke 12 ¹	8	2	0,7	6	2,9	0	
Veke 13	93	43	14,0	50	23,9	0	
Veke 14	83	39	12,7	44	21,1	0	
Veke 15	59	18	5,9	41	19,6	0	
Veke 16	43	21	6,8	22	10,5	0	
Veke 17	37	23	7,5	14	6,7	0	
Veke 18	54	37	12,1	17	8,1	0	
Veke 19	50	42	13,7	8	3,8	0	
Veke 20	46	41	13,4	5	2,4	0	
Veke 21	33	32	10,4	1	0,5	0	
Veke 22 og over	9	9	2,9	0	0,0	0	
Anna/Ukjend	1	0	0,0	1	0,5	0	

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2019, vedtak i primærnemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i primærnemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppsett	
Alle veker	616	532	43	40	1	508
Veke 12 ¹	9	9	0	0	0	8
Veke 13	111	102	2	7	0	93
Veke 14	94	85	2	7	0	83
Veke 15	66	61	1	4	0	59
Veke 16	46	45	1	0	0	42
Veke 17	43	38	4	1	0	37
Veke 18	65	51	6	8	0	51
Veke 19	60	50	7	3	0	50
Veke 20	62	48	10	3	1	45
Veke 21	41	33	6	2	0	31
Veke 22 og over	15	8	4	3	0	8
Anna/Ukjend	4	2	0	2	0	1

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2019, vedtak i klagenemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i klagenemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppsett	
Alle veker	26	11	8	7	0	8
Veke 12 ¹	0	0	0	0	0	0
Veke 13	0	0	0	0	0	0
Veke 14	1	0	0	1	0	0
Veke 15	0	0	0	0	0	0
Veke 16	1	1	0	0	0	1
Veke 17	2	1	0	1	0	0
Veke 18	3	3	0	0	0	3
Veke 19	4	1	2	1	0	0
Veke 20	7	3	1	3	0	2
Veke 21	5	1	3	1	0	1
Veke 22 og over	3	1	2	0	0	1


¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinne sitt bustadsfylke i 2019

Fylke	Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	616	100,0	516	100,0
Viken	111	18,0	96	18,6
Oslo	131	21,3	117	22,7
Oslo	131	21,3	117	22,7
Innlandet	43	7,0	38	7,4
Vestfold og Telemark	48	7,8	34	6,6
Agder	34	5,5	29	5,6
Rogaland	49	8,0	43	8,3
Stavanger	15	2,4	14	2,7
Vestland	75	12,2	55	10,7
Bergen	38	6,2	28	5,4
Møre og Romsdal	20	3,2	18	3,5
Trøndelag	47	7,6	40	7,8
Trondheim	19	3,1	17	3,3
Nordland	22	3,6	20	3,9
Troms og Finnmark	28	4,5	21	4,1
Tromsø	8	1,3	7	1,4
Ukjend/Anna ²	8	1,3	5	1,0

¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

² Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.



Figur 12. Prosentvis nedgang i abort per helseregion frå 2018 til 2019. Kjelde: Abortregisteret.

Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2019

Helseinstitusjon	2018				2019			
	Begjæringar		Utførte		Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	643	100,0	569	100,0	616	100,0	516	100,0
Akershus univ.sykehus	53	8,2	42	7,4	53	8,6	41	7,9
Bærum sykehus	19	3,0	18	3,2	16	2,6	13	2,5
Drammen sykehus og Kongeberg sykehus	21	3,3	20	3,5	17	2,8	14	2,7
Finnmarkssykehuset	5	0,8	4	0,7	5	0,8	5	1,0
Haugesund sjukehus og Stavanger universitetssjukehus	55	8,6	51	9,0	50	8,1	43	8,3
Haukeland universitetssjukehus, Voss og Førde	79	12,3	63	11,1	70	11,3	50	9,7
Helgelandssykehuset	5	0,8	4	0,7	1	0,2	1	0,2
Helse Møre og Romsdal, Molde og Kristiansund	3	0,5	3	0,5	6	1,0	6	1,2
Helse Møre og Romsdal, Volda og Ålesund	8	1,2	7	1,2	6	1,0	4	0,8
Helse Nord-Trøndelag	7	1,1	6	1,1	6	1,0	4	0,8
Nordlandssykehuset	10	1,6	9	1,6	10	1,6	10	1,9
Oslo univ. sykehus	150	23,3	139	24,4	145	23,5	134	26,0
Ringerike sykehus	6	0,9	6	1,1	7	1,1	5	1,0
St. Olavs hospital	75	11,7	65	11,4	66	10,7	59	11,4
Sykehuset i Vestfold Tønsberg	18	2,8	17	3,0	24	3,9	15	2,9
Sykehuset Innlandet Elverum	11	1,7	11	1,9	14	2,3	12	2,3
Sykehuset Innlandet Gjøvik	7	1,1	7	1,2	8	1,3	8	1,6
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	5	0,8	5	0,9	5	0,8	3	0,6
Sykehuset Innlandet Lillehammer	8	1,2	7	1,2	8	1,3	7	1,4
Sykehuset Telemark	16	2,5	15	2,6	16	2,8	14	2,7
Sykehuset Østfold	31	4,8	31	5,4	25	4,1	23	4,5
Sørlandet sykehus, Arendal	6	0,9	4	0,7	8	1,3	7	1,4
Sørlandet sykehus, Kristiansand	23	3,6	17	3,0	25	4,1	21	4,1
Univ. sykehuset Nord-Norge	22	3,4	18	3,2	25	4,1	17	3,3
¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong. Sentral klagenemnd er lagt til Oslo universitetssykehus Ullevål								

APPENDIX A. Lover og forskrifter

Lov 1975-06-13 nr 50: Lov om svangerskapsavbrot ([abortlova](#))

FOR-2001-06-15-635: Forskrift om svangerskapsavbrot ([abortforskrifta](#)) med merknader

FOR-2007-12-14-1418: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i register over svangerskapsavbrot ([abortregisterforskrifta](#))

LOV 2014-06-20 nr 43: Lov om helseregister og behandling av helseopplysningar ([helseregisterlova](#))³

FOR-2001-12-21-1483: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i Medisinsk fødselsregister ([Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#))

APPENDIX B. Om statistikken

Folkehelseinstituttet sin offentleg tilgjengelege abortstatistikk på grunnlag av aidentifiserte data frå Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret). Publisert med endelege tal 13. mars 2020.

Namn på statistikken

Rapport om svangerskapsavbrot for 2019.

Dataskildring

Statistikk over svangerskapsavbrot i 2019 er basert på aidentifiserte opplysningar frå meldingar om begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå alle helseinstitusjonar (sjukehus) som utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2019. Det er meldeplikt for desse opplysningane til Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) etter abortregisterforskrifta § 1-7 punkt 1 til og med 6.

I 2019 fekk registeret inn 12 927 meldingar om begjæring om svangerskapsavbrot. Abortregisteret har frå og med 2013 årgangen nådd målet om 100 % elektronisk innmelding frå sjukehusa.

Populasjon

Kvinner som har begjært/fått utført svangerskapsavbrot i Noreg i 2019. Talet på kvinner i dei respektive aldersgruppene er henta frå Statistisk sentralbyrå.

Eining

Talet på tilfelle per 1 000 kvinner i alderen 15-49 år og tilfelle per 1 000 kvinner i spesifisert aldersgruppe.

Formål

Samfunnet skal kunne få innsyn i omfanget av begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot, og kunne følge med på utviklinga på området. Myndigheitene og helsetenesta skal få eit statistisk grunnlag for å setje i verk og evaluere målretta tiltak for å førebygge uynskte svangerskap.

Brukarar

Sentrale og lokale myndigheiter, helsetenesta, politikarar, forskarar/studentar, massemedia og publikum generelt.

Viktige omgrep

Sjølvbestemte svangerskapsavbrot vert forstått som svangerskapsavbrot utførte som følge av at kvinna har begjært avbrotet innan utgangen av 12. svangerskapsveke.

Nemndbehandla svangerskapsavbrot er svangerskapsavbrot utførte seinare enn innan utgangen av 12. svangerskapsveke, og der kvinna si begjæring er innvilga etter handsaming i abortnemnd (primærnemnd eller klagenemnd).

Meldepliktige helseinstitusjonar er dei institusjonane (sjukehusa) og eventuelle avtalespesialistar som utfører svangerskapsavbrot.

Datakjelde

Opplysningar frå elektroniske- og papirmeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Lovgrunnlag

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) er regulert i abortregisterforskrifta med heimel i helseregisterlova § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Innsamling

Elektroniskemeldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Datakvalitet

Innmeldte data vert sjekka for å unngå manglande saksnummer og dobbeltregistreringar av meldingar, unngå manglande opplysningar og unngå manglande samsvar mellom meldte opplysningar.

Inndelingar

Tidsperiode: Kalenderår

Geografi: Bustadsfylke og meldepliktige helseinstitusjonar

Alder: 5-års grupper: 15-19, 20-24, 25-29, 30-34, 35-39, 40-44 og 45-49 år. I aldersgruppa 15-19 år, inngår òg tal for aldersgruppa under 15 år, og i aldersgruppa 45-49 år inngår òg tal for aldersgruppa over 49 år. Desse tala er så små at dei ikkje påverkar ratane i noko betydeleg grad.

Anna: Svangerskapslengda i veker inndelt i grupper, lovgrunnlag (indikasjon i abortlova § 2 tredje ledd bokstav a, b, c, d, e og kombinasjonar).

Samanlikningsgrunnlag over tid og stad

Sidan 2006 har Folkehelseinstituttet ved Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) mottatt meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar (alle helseinstitusjonar som utfører svangerskapsavbrot), handsama opplysningane og sett fram statistikk over svangerskapsavbrot. I perioden 1979-2005 vart dette arbeidet utført ved Statistisk sentralbyrå.

Oppdateringsfrekvens

Årleg

Publiseringsstad

På nettstaden til Folkehelseinstituttet, www.fhi.no

Publikasjonar

Rapport 2005 om nemndbehandlete svangerskapsavbrot

[Statistikk 2006](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2007

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2008](#)

Rapport om svangerskapsavbrudd 2009

Rapport om svangerskapsavbrudd 2010

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2011](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2012](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2013](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2014](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2015](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2016](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2017](#)

[Rapport om svangerskapsavbrot 2018](#)

Utgitt av Folkehelseinstituttet
Mars 2020

Postboks 4404 Nydalen
NO-0403 Oslo

Telefon: 21 07 70 00

Rapporten kan lastes ned gratis fra
Folkehelseinstituttets nettsider
www.fhi.no